



Kristian presenterte mellom andre Olav Johan Kristiansen

Bøkkerkveld nummer 18 vart ein av dei beste. Ikkje berre sat det opprinnelege konseptet som eit skot - det var også nye og spennande innslag. Til dømes fekk vi høyra det ein kan kalla ein signaturmelodi komponert av gitarist Leif Henrik Børge Olsen. Det var ein samba kalla Boekker Fiesta. Innslaga ellers var akkurat passe lange og stemningen i bøkkerverkstaden var god frå Ole Jacob Hystad mjuke, innleiande saksofontoner ut mot fjorden til midtsommerstemningen skapt av pallebålet som var laga på dugnad av festdeltakarane! Suksessen var også knytt til frammøtet - det kom 50. Eit ekstra innslag denne kvelden var knytt til at Kristian Bringedal runda 64 år. Reidar Myklebust opna foredraget sitt med ein hjarteleg gratulasjon til mannen som er eit kulturelt oppkomme av sjeldne dimensjoinar. Reidar tok fram museumsdagane, allsongen og etterjulstreffa som andre døme på det.

SCORE

BOEKKER FIESTA

LHBO

$\text{♩} = 190$ $B^b \text{MAJ}$ E^b7 D^m7b5 $G7b13$ C^m7

6

12

19

25

32

38

Sambaen slo an og her er han

Professoren i anatomi hadde ellers i oppdrag å ta for seg temaet kultur og helse og svarta mellom anna på spørsmålet om kvifor musikk er det einaste kulturstimuli som kan påverka helsa. Svaret var at kroppen er rytmisk og likar rytme. Og nyleg vart det oppdaga ein pannelapp som set saman tonar til musikk.



Slutten på kvelden var stemningsfull

Eit anna godt verbalt innslag var professor Dag Helland sin orientering om lubbesilda som var svært vellukka denne kvelden. Eit tredje innslag var Olaf Johan Kristiansens erfaring med å bu i båt, som har både fordeler og ulemper. Han kom til arrangementet med sin Kaika og var ein av 5 som nytta vassvegen denne gongen. Kåre Rød kom naturleg nok med Storm medan Mette Lausnes denne gongen stilte med ein bindalsføring som skal ha forbløffande eigenskapar. Men famleis føredrar familien siglaren Fatuhiva når dei skal ut på tur.



Reidar Myklebust hadde hovudinnleget

Det musikalske innslaget var truleg av betre kvalitet enn nokon gang før under desse kveldane. Gitaristen og saksofonisten er nevnt og dei andr var trommeslagaren Borge Olsen, pianist Bjarne Øymyr og kontrabassist Alex Grieg

Borge Olsen jazzband har nok øvd godt i det siste, Men kanskje bør det skifta namn til Boekkeren Jazzband og spela seg ut moit eit større publikum?



Eit ypperleg jazzorkester!

Tekst, foto og nett.Ola Matti Mathisen



5 kom i båt denne kvelden